



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Fra fjordheiane

Postadresse
Postboks 504
4804 ARENDAL

Besøksadresse
Garaneset, 4230 Sand

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47

www.svr.no

Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2022/1117-0

Saksbehandler: Alf Odden

Dato: 01.02.2022

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	7/22	08.02.2022

Søknad om dispensasjon til utviding og fasadeendring på hytte ved Grjotdalsneset i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 187/1, Suldal kommune - Suldal fjellstyre

Vedlegg:

- 1 Søknad om utviding av hytte på Grjotdalsneset

Forvalters innstilling

I medhald av kapittel III, kapittel IV, punkt 1, og kapittel IV, punkt 1.3, bokstav a i Forskrift om vern av Dyraheio landskapsvernområde, får Suldal fjellstyre dispensasjon til å utvide og endre fasade på hytta på Grjotdalsneset. Dispensasjonen omfattar ei utviding på inntil 12m² (BYA) til eit samla areal på inntil 70m² (BYA). Dispensasjonen omfattar og riving av eksisterande inngangsparti, samt skifte av vindauge og ytterkledning.

Dispensasjonen blir grunngjeve med at det er dokumentert konkret for større opphaldsareal, og at ombygginga medfører noko mindre overnattingskapasitet. Dispensasjonen er og grunngjeve med at utvidinga av hytta ikkje medfører større negativ innverknad på verneverdiane knytt til landskapet, og at tiltaket ikkje vil medføre auka bruk og forstyrning utover byggeperioden.

Dispensasjonen blir gjeve med desse vilkåra:

- Det må innhentast nødvendige løyver frå Suldal kommune
- Hytta må skilja seg minst mogleg frå naturomgjevnadane omsyn til utforming og overflatebehandling
- Byggjearbeida må skje så skånsamt som råd i høve til naturomgjevnadane
- Alt avfall frå riving og bygging må fjernast og handterast etter gjeldande reglar og standardar
- Det må søkast om eigen dispensasjon til motorferdsel i samband med tiltaket. Av omsyn til villreinstamma i område kan ein slik dispensasjon bli avgrensa til å gjelde helikopter
- Dispensasjonen gjeld fram til 08.02.2025



Saksopplysninger

Bakgrunn for søknaden

Viser til søknad dagsett 28.01.2022 og telefonsamtale med søker same dag.

Suldal fjellstyre søker om dispensasjon til å utvide hytta på Grjotdalsneset ved Krossvatn i Dyraheio landskapsvernområde. Eksisterende hytte har eit areal på 58m² (BYA), og det søkaste om å rive eit tilbygg på 8m² (BYA), og oppføre nye tilbygg i kvar ende av hytta på til saman 20m² (BYA). Samla utviding vil være på 12m² (BYA), og samla areal på den nye hytta vil være 70m² (BYA). Det søkaste og om dispensasjon til å skifte vindauge og ytterkledning på hytta.

Grjotdalsneset vart oppført i 1987, før Dyraheio landskapsvernområde vart etablert i 1997. Hytta brukaste hovudsakleg i samband med jakt, og bruken har vore stabil dei siste 30 åra med om lag 250 besøkande kvart år. Om lag 80% av bruken skje i samband med villreinjakt og rypejakt i perioden 20.08-15.10. Bruken i samband med vanleg fotturisme er svært avgrensa da Stavanger turistforening si hytte Krossvatn ligg berre 1.5km lenger vest.


Suldal fjellstyre grunnjev søknaden om utviding med at hytta har for liten plass til opphald, matlaging og klestørk under villreinjakta. I starten av jakta er alle jegerar i Suldal statsallmenning pålagt å bruke fjellstyret sine hytter, og det er ikkje uvanleg 20-25 jegerar oppheld seg samtidig på hytta. I denne perioden er hytta dermed svært overfylt. Vindauge og kledning er og såpass slitt etter 40 år at dei må skiftast ut. Innvendig vil hytta bli ombygd. Mellom anna vil soveplassen på hemsen bli inndelt i rom. Det samla talet på soveplassar vil bli redusert frå 20 til 17.




Plassering av hytta på Grjotdalsneset i Dyraheio landskapsvernområde.



Hytta på Grjotdalsneset slik den ser ut i dag.



Planskisse av hytta etter utviding.



Skisse av fasade etter utviding.



Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Dyraheio landskapsvernområde med biotopvern av 26.09.1997
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, godkjent 2015
- Naturmangfaldslova

Heimelsgrunnlag

Dyraheio landskapsvernområde med biotopvern vart oppretta ved kongeleg resolusjon 26.09.1997. I kapittel III i verneføreskrifta heiter det at *"Føremålet med landskapsvernet er å ta vare på eit særmerkt fjellområde med urørt natur, rikt planteliv med m.a. bergjunker, verdifulle stølsområde og beitelandskap, eldre og nyare kulturminne etter støling, heibeiting, jakt, fiske og fangst. Føremålet er også å ta vare på viktige leveområde for viltet, spesielt å sikre eit samanhengande fjellområde og delar av livsgrunnlaget for den sørlegaste villreinstamma i Europa"*.

Byggetiltak i verneområdet blir regulert av verneforskrifta kapittel IV, punkt 1.1, bokstav a. Her heter det at det ikkje må gjerast inngrep som vesentleg kan endra eller innverke på landskapet sin art eller karakter, og *"oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar"* er særskilt nemnt. I kapittel IV, punkt 1.3, bokstav a heiter det vidare at *«Når verksemda kan skje utan at det strir mot føremålet med fredinga kan forvaltningsstyresmakta eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, på nærare vilkår gje løyve til endring, ombygging eller utviding av bygningar og andre eksisterande anlegg»*.

Etter forvaltningsstyresmakta si vurdering kjem tiltaket det er søkt om inn under kapittel IV, punkt 1.1 og må derdø ha dispensasjon etter kapittel IV, punkt 1.3, bokstav a for å kunne gjennomførast.

Forvaltningsplanen for Verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane frå 2015 har eit eige avsnitt om retningslinjer for byggetiltak på turishytter, statskoghytter og fjellstyrehytter i kapittel 2.3.4 på side 29-30. Her går det fram at arealet på slike hytter normalt ikkje skal overstige 50m² (BYA), men at slike hytter kan få auka areal dersom særlege behov kan dokumenterast. Det blir og sagt at retningslinjene for slike hytter skal nyttast med stor grad av fleksibilitet.

Verneområde styret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane har forvaltningsmynde for Dyraheio landskapsvernområde.

Det er avklart med Bygdeutviklingssjef i Suldal kommune, Endre Gjil, at verneføreskrifta for Dyraheio landskapsverneområde vil være det strengaste regelverket i denne saka, og at søknaden derfor skal handsamast først av verneområdestyret.

Verneområdestyret har ikkje tidlegare handsama søknadar om utviding av fjellstyrehytter, og berre ein søknad knytt til statskoghytter. Her vart det gitt dispensasjon til eit nytt uthus på 11m² (BYA) på Holmevasshytta i SVR sjølv om Hovudhytta frå før hadde eit areal på 50m². Når det gjeld turistforeningshytter har det blitt gitt dispensasjon til to store utvidingar, 92m² ved Bossbu i SVR og 62m² i for av ny sikringshytte på Sandvatn i Frafjordheiane. Det har og blitt gitt dispensasjon til nye sikringshytte på 19m² på Stavskar i SVR, samt mindre utvidingar på Sloaros i SVR og Stranddalen og Krossvatn i Dyraheio.

Det har og blitt gitt fleire dispensasjonar til utvidingar av driftehytter på 10-20m². Seinast på Fosseknoten der eksisterande hytte kunne utvidast med 20m² til 70m².



Vurdering

Naturmangfaldlova

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndigheit. Forvaltningsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

Innverknad på verneverdiar og verneføremål

Grjotdalsneset ligg om lag 1100 moh i eit ope storkupert høgfjellslandskap. Vegetasjonen i området er skrinn og består av lav, gras og lyngartar. Det er og mykje bart fjell rundt byggeplassen.

Denne delen av Dyråheio landskapsvernområde blir årvisst nytta av villreinen. På sommartid dreier dette seg om både forstringsflokkar og mindre flokkar med bukkar. Området blir og nytta som vinterbeite av både simler og bukkar. Dette blir og stadfesta av resultatane frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt (NINA rapport 694/2011). Her er det dokumentert at sju av dei åtte simlene som har nytta nordområdet har vore i det aktuelle område den tida dei hadde sendar (2007-2011). Nyare GPS data frå www.dyreposisjoner.no, samt eigne observasjonar, viser og at det er villrein i det aktuelle område store deler av året. I Norsk Villreinsenter sin rapport, Kartlegging av villreinens arealbruk i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (NVS rapport 6/2010), er det registrert villreintrekk om lag 1km aust og 1km sør for byggetiltaket det er søkt om. I Norsk raudliste for artar for 2021 vart villrein oppført som nær truga (NT).

Kunnskap om naturmangfaldet i området baserer seg og på Miljødirektoratet sin naturdatabase med innsyn til sensitiv informasjon (www.naturbase.no) og tilsvarende informasjon i Temakart Rogaland. Så langt forvaltningsstyresmakta kjenner til etter søk i Naturbase, er det ikkje registrert informasjon om prioriterte artar, trua eller nær trua artar på Norsk raudliste for artar 2015 eller andre verdifulle artar i det aktuelle området. Det er heller ikkje registrert informasjon om utvalde naturtypar, trua eller nær trua naturtypar på Norsk raudliste for naturtypar 2011 eller andre verdifulle naturtypar. Det er heller ikkje komme fram andre opplysningar som tyder på at det finns slike artar og/eller naturtypar i det aktuelle område.

Kunnskap om kulturminne i området baserer seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase (www.asketadden.no). Det er ikkje registrert kulturminne i nærleiken som kan ta skade av tiltaket det er søkt om.

Kunnskapsgrunnlaget (§8) som ligg føre for å vurdere dei omsøkte tiltaka si innverknad på verneverdiar og verneføremål, må derfor vurderast som tilstrekkeleg til at forvaltningsstyresmakta kan fatte vedtak i saka. §9 om "Føre var prinsippet" vil derfor bli tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

§10 tek føre seg den samla belastninga av økosystemet i området. Det er svært få tekniske inngrep i området utover eksisterande fjellstyrehytte. Det står eit lite naust nede ved Krossvatnet og det ligg ei jordhytte om lag 1km lenger opp i Grjotdalen. Næraste større bygning er turisthytta Krossvatn som ligg 1.5km mot vest. Denne har om lag 500 overnattingar kvart år. Utover villreinjakta er ferdseilen ved Grjotdalsneset svært låg og det er gitt eit løyve til bruk av snøskuter i område.

At eksisterande hytte utvidast med 12m² og blir 4.2m lenger, vil berre i liten grad endre landskapsbilete på staden. Hytta vil framleis ligg lågt i terrenget, være lite dominerande i landskapet og ikkje være synleg på avstand. Nye vindauge og ny ytterkledning vil ikkje endre innverknaden bygningen har på landskapet. Sjølv om hytta utvidast vil talet på overnattingsplassar bli litt redusert. Den innvendige standardhevinga blir heller ikkje vurdert til å medføra auka bruk. Bruken av hytta blir i all hovudsak regulert av talet på fellingsløyve i Suldal villreinområde. Storleiken på villreinstamma i området ligg nær det gjeldande bestandsmålet, og det er derfor inga grunn til å tru at talet på fellingsløyve vil auke



framover. Bruken av hytta til vanleg fotturisme er forventa å halde seg låg, da denne bruken blir kanalisert til den nærliggande turisthytta Krossvatn og løypenettet den er knytt til.

Utstyr, bygningsmaterialar og rivingsavfall må fraktast til og frå staden med helikopter eller snøskuter. I søknaden blir det antyda eit transportbehov på ti turar med snøskuter og 20 flygingar med helikopter. Det vil derfor bli ei betydeleg auke av den motorisert ferdsle i området i samband med tiltaket. Samstundes vil byggearbeida og mykje av den tilhøyrande motorferdsla være avgrensa til ein relativt kort periode om sommaren. Dette er og ei tid på året der villreinen er mindre sårbar for forstyrningar. Av omsyn til villreinen kan det og være aktuelt å berre gi dispensasjon til bruk av helikopter i samband med byggetiltaket.

Eksisterande belastning på naturmangfaldet og landskapet i Grjotdalsneset er lågt. Det er få tekniske inngrep og ferdsla i området er avgrensa. Område er viktig for villreinen heile året og forstyrningane må derfor haldast på eit lågt nivå som mogleg. Etersom utvidinga av hytta ikkje blir vurdert til å medføre auka bruk, vil byggetiltaket berre medføre auka forstyrring i byggeperioden. Landskapsverknaden av utvidinga blir på grunn av hytta si plassering i terrenget, vurdert til å være svært liten. Derfor er det etter verneområdeforvaltar si vurdering, liten fare for at byggetiltaka det er søkt om, vil medføre ei kritisk eller uakseptabel auke av den samla belastninga på økosystemet i område.

§12 omhandlar miljøforsvarleg teknikkar, driftsmetodar og lokalisering. Slik forvaltningsstyresmakta vurderer det er det dokumentert behov for å utvide den eksisterande fjellstyrehytta.

§11 legg til grunn at eventuelle kostnader ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar. Tiltakshavar er fullt og heilt ansvarleg for ei miljømessig god løysing.

Vurdering av presedensomsyn

Sjølv om forvaltningsplanen seier at arealgrensa på 50m² (BYA) skal nyttast med stor grad av fleksibilitet for fjellstyrehytter, må presedensverknadane vurderast grundig når det blir gitt ein dispensasjon for utviding til 50m² (BYA).

Suldal fjellstyre har to andre hytter i Dyraheio landskapsvernområde og Bykle fjellstyre har fem hytter i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. To av desse har ein storleik på om lag 40m², mens dei andre er til dels mykje mindre. Eventuelle søknader om utviding av desse hyttene vil derfor kunne skje utan å gå utover forvaltningsplanens arealgrens på 50m² (BYA).

Statskog har 17 hytter i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Til saman 10 av desse har ein storleik på 50m² eller større, mens dei andre er til dels mykje mindre. Eventuelle søknader om utviding av dei minste hyttene vil derfor kunne skje utan å gå utover forvaltningsplanens arealgrens på 50m² (BYA). Statskog sine 10 hytter som er større enn 50m² har eit gjennomsnittareal på 55m² og har i snitt 7.2 sengeplassar. Etter verneområdeforvaltar si vurdering vil derfor ingen av desse ha behov for ei utviding når ein ser på arealet i høve til talet på sengeplassar. Eventuelle utvidingar vil truleg være knytt til uthus.

Gjennomgangen av aktuelle fjellstyrehytter og statskoghytter viser at 14 av desse er så små at ei eventuell utviding kan skje innanfor forvaltningsplanens retningslinjer for storleik for denne typen bygningar. Av dei 11 hyttene med areal på 50m² eller større, skil Grjotdalsneset seg tydeleg frå dei andre hyttene, med eit svært lite areal i høve til talet på sengeplassar.

Presedensverknadane ved å gje ein dispensasjon til utviding av Grjotdalsneset med 12m² blir derfor vurdert til å være svært avgrensa.



Konklusjon

Utvidinga av Grjotdalsneset vil berre i liten grad ha ein negativ innverknad på verneverdiane i Dyraheio landskapsvernområde knytt til landskap og villrein. Presedensverknadane blir vurdert til å være svært avgrensa , og byggetiltaket kjem derfor ikkje i konflikt med verneføremålet.



**Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane**

Fra: Steine Kristian
Sendt: 28.01.2022 10.34
Til: Odden, Alf
Emne: Hytte Grotdalen Suldal statsalmenning
Vedlegg: Skisse.pdf, Screenshot_20220128-112532_Chrome.jpg

Hei Alf.

Etter møte i går der Suldal Fjellstyre diskuterte restaurering av gamlahytta eller nybygg kom me fram til å ta ein totalrenovering med påbygg på gamlahytta vår som ligg ved Krossvatnet på Suldal Statsalmenning. Formålet er å få litt fleire avdelte soverom og sjølvsagt oppgadera alt som er slitt etter 40 års bruk. I hytta nå har me 20 liggeplasser der 16 av desse er på flatseng på hemsens og eit soverom med 2 køysenger. Planen vår nå blir 4 soverom der 2 får 4 sengeplasser i tilbygget og dela av hemsens i to soverom der det blir 4 og 5 sengeplasser. Det blir litt reduksjon på hemsens pga at me må inn med ei ny trapp som krev meir plass pluss ein gang mellom soveromma. Alle vindu blir skifta ut med nye, dette er også viktig på hemsens med tanke på rømningsvegar. Det blir skifta kledning utvendig og stort sett alt av panel og golv i 1 etasje. Det litla inngangspartiet som visar på bilde nå blir då erstatta med påbygg på heile sida

Sjølve bygginga blir tenkt oppstart neste vinter. Dette med tanke på riving innvendig slik at ein har returhiv klar når ein skal inn med nye byggvarar. Oppbygginga er tenkt oppstart i juni 2023, men kan bli litt endra pga snøforhald.

Når det gjeld motorisert ferdsel ser eg føre med ca 10 turar med snøscooter til rivingsarbeidet og 20 turar med helikopter.


Legg ved ei skisse som beskriv tilbygga. Viss skissa er litt dårleg gir du beskjed, så skal me få til noko betre.

Gi beskjed viss du treng noko meir Alf

Sulsdal Fjellstyre
V/ Kristian Steine











Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Postadresse
Postboks 504
4804 ARENDAL

Besøksadresse
Garaneset, 4230 Sand

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47

www.svr.no

Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2022/1105-0

Saksbehandler: Alf Odden

Dato: 28.01.2022

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	8/22	08.02.2022

Vedlegg:

- 1 Gjenoppbygging av Leirdalshytta - Brev frå Rogaland fylkeskommune

Søknad om dispensasjon til gjenoppbygging av jordhytte i Leirdalen i Dyraheio landskapsvernområde, gnr/bnr, 187/1, Suldal kommune - Suldal fjellstyre

Forvalters innstilling

I medhald av kapittel IV, punkt 1.3, bokstav a i føreskrift for Dyraheio landskapsvernområde, får Suldal fjellstyre dispensasjon til å bygge opp att jordhytta Leirdalshytta. Ettersom det søkast om gjenoppbygging av ein bygning av kulturhistorisk verdi, er det etter verneføreskrifta nødvendig at ein eventuell dispensasjon blir gitt i samråd med fylkeskonservatoren. Eit slik samtykke til at det blir gitt dispensasjon ligg føre i brev frå Rogaland fylkeskommune, dagsett 30.06.2021.

Dispensasjonen blir grunngjeve med at gjenoppbygging av Leirdalshytta har kulturhistorisk verdi, og at ei slik gjenoppbygging ikkje vil ha ein nemneverdig negativ innverknad på verneverdiane i Dyraheio landskapsvernområde.

Saksopplysninger

Bakgrunn for søknaden

Viser til søknad frå Suldal fjellstyre til Rogaland fylkeskommune, dagsett 20.05.2021, og svarbrev med dispensasjon frå fylkeskommen dagsett 30.06.2021. Viser og til telefonsamtale med leiar i Suldal fjellstyre 24.01.2022, kor det vart avtalt at søknaden til Rogaland fylkeskommune kunne brukast som dispensasjonssøknad til SVR.

Suldal fjellstyre søker om dispensasjon til å bygge opp att ei nedrast jordhytte i Leirdalen. Leirdalshytta vart bygd tidleg på 1800-talet til bruk som overnattingsstad under villreinjakta. Jordhytta har stått til



nedfalls frå om lag 1940, og i dag er det berre murane som står att. Suldal fjellstyre har lenge hatt planar om ei restaurering slik dei har gjort med jordhytta i Grjotdalen tre kilometer lenger sør i 2013. Tanken bak gjenoppbygginga av jordhyttene er å ta vare på ein viktig del av den gamle jakttradisjonen i område og gjere den synleg for nye generasjonar med jegerar. Det ligg 12 slike jordhytter i Suldalsheiane og tilgrensande område i Bykle. Berre seks av dei blir framleis haldne ved like, tre av dei er demd ned, mens fire har rast saman.


Tufta etter Leirdalshytta ligg i munninga av Leirdalen ved nordbreidda av Krossvatn i Dyraheio landskapsvernområde.



Lokalisering av Leirdalshytta i Dyraheio landskapsvernområde.



Tuftene av Leirdalshytta slik dei ser ut i dag.



Leirdalshytta 1927

Per Thomsen

Foto av korleis Leirdalshytta såg ut i 1927.



Jordhytta i Grjotdalen etter restaureringa i 2013.



I dag står berre murane att av jordhytta, og saman med gamle foto gir den eit godt inntrykk av korleis Leirdalshytta opphavleg må ha sett ut. Den har eit innvendig mål på 2mx3m. Veggane er tørrmura og har ei breidde på 0.5m. Høgda på veggane er 1m. Heile bakveggen og om lag 2/3 av langveggane er grove inn i jordbakken. I framveggen var det ei låg dørøpning slik at ein må krype for å komme inn. Gavlhøgda på hytta vil ha vore om lag 1.5m og taket har vore tekka med torv og hatt eit undertak av never.

Søker har erfaring med bygging av slike jordhytter mellom anna gjennom renovering av jordhytta i Grjotdalen i 2013 og ei tilsvarande hytte i Stranddalen i 2021. Eksisterande murar vil bli mura opp att til opphavleg høgde med stein har rast ned. Mønestokk i furu og taknever vil bli frakta opp til byggeplassen. Torv til taktekking vil bli henta i nærområdet. Døra vil være enkel og i tre. Søker reknar med at det vil være behov for fire snøskutertransportar for å frakte materialar til byggjestaden.

Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Dyraheio landskapsvernområde med biotopvern av 26.09.1997
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, godkjent 2015
- Naturmangfaldslova

Heimelsgrunnlag

Dyraheio landskapsvernområde med biotopvern vart oppretta ved kongeleg resolusjon 26.09.1997. I kapittel III i verneføreskrifta heiter det at "*Føremålet med landskapsvernet er å ta vare på eit særmerkt fjellområde med urørt natur, rikt planteliv med m.a. bergjunker, verdifulle stølsområde og beitelandskap, eldre og nyare kulturminne etter støling, heibeiting, jakt, fiske og fangst. Føremålet er også å ta vare på viktige leveområde for viltet, spesielt å sikre eit samanhengande fjellområde og delar av livsgrunnlaget for den sørlegaste villreinstamma i Europa*".

Byggetiltak i verneområdet blir regulert av verneforskrifta kapittel IV, punkt 1.1, bokstav a. Her heter det at det ikkje må gjerast inngrep som vesentlig kan endra eller innverke på landskapet sin art eller karakter, og "*oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar*" er særskilt nemnt. I kapittel IV, punkt 1.3, bokstav a heiter det vidare at «*Når verksemda kan skje utan at det strir mot føremålet med fredinga kan forvaltningsstyresmakta eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, på nærare vilkår gje løyve til endring, ombygging eller utviding av bygningar og andre eksisterande anlegg. For restaurering og gjenoppføring av bygningar og anlegg med kulturhistorisk verdi, må eventuelle løyve gjevast etter samråd med fylkeskonservatoren*».

Etter forvaltningsstyresmakta si vurdering kjem tiltaket det er søkt om inn under kapittel IV, punkt 1.1 og må der for ha dispensasjon etter kapittel IV, punkt 1.3, bokstav a for å kunne gjennomførast.

Forvaltningsplanen for Verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane frå 2015 omtalar bygging av naust i verneområda i kapittel 2.3.4 på side 28. Her opnast det for å gje dispensasjon til gjenreising av bygg med kulturhistorisk verdi, dersom denne verdien er reell og det skjer i samråd med kulturminnestyresmakta.

Verneområde styret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane har forvaltningsmynde for Dyraheio landskapsvernområde.



Vurdering

Naturmangfaldlova

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit. Forvaltningsstyresmakta må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

Innverknad på verneverdiar og verneføremål

Jordhytta som skal byggast opp att ligg om lag 1100 moh i eit ope fjellandskap ved nordbredden av Krossvatn. Vegetasjonen i området er dominert av lyng- og grasartar og det er parti med bart fjell. Denne delen av Dyraheio landskapsvernområde blir årvisst nytta av villreinen. På sommartid dreier dette seg om både forstringsflokkar og mindre flokkar med bukkar. Området blir og nytta som vinterbeite. Dette blir og stadfesta av resultatata frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt (NINA rapport 694/2011). Her er det dokumentert at sju av dei åtte simlene som har nytta nordområdet har vore i det aktuelle område den tida dei hadde sendar (2007-2011). Nyare GPS data frå www.dyreposisjon.no, samt eigne observasjonar, viser og at det er villrein i det aktuelle områda store deler av året. I Norsk Villreinsenter sin rapport, Kartlegging av villreinens arealbruk i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (NVS rapport 6/2010), er det registrert villreintrekk om lag 0.5 km nord og 1km vest for byggetiltaket det er søkt om. I Norsk raudliste for artar for 2021 vart villrein oppført som nær truga (NT).

Kunnskap om naturmangfaldet i området baserer seg og på Miljødirektoratet sin naturdatabase med innsyn til sensitiv informasjon (www.naturbase.no) og tilsvarande informasjon i Temakart Rogaland. Så langt forvaltningsstyresmakta kjenner til etter søk i Naturbase, er det ikkje registrert informasjon om andre prioriterte arter, trua eller nær trua arter på Norsk røddliste for artar 2021 eller andre verdifulle arter. Det er heller ikkje registrert informasjon om utvalte naturtypar, trua eller nær trua naturtypar på Norsk røddliste for naturtypar 2011 eller andre verdifulle naturtypar. Det er heller ikkje komme fram andre opplysningar som tyder på at det finns slike arter og/eller naturtypar i det aktuelle område.

Kunnskap om kulturminne i området baserer seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase (www.askeladden.no). Tufta etter jordhytta er registrert i Askeladden med id: 247444-0, og har uavklart vernestatus. Det er det ikkje registrert andre kulturminne som blir påverka av byggetiltaket det er søkt om.

Kunnskapsgrunnlaget (§8) som ligg føre for å vurdere dei omsøkte tiltaka si innverknad på verneverdiar og verneføremål, må derfor vurderast som tilstrekkeleg til at forvaltningsstyresmakta kan fatte vedtak i saka. §9 om "Føre var prinsippet" vil derfor bli tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

§10 tek føre seg den samla belastninga av økosystemet i området. Det er ikkje bygningar eller andre tekniske inngrep i nærleiken. Næraste bygning er turisthytta Krossvatn som ligg 1.3km mot sør. Det er og lite ferdsel i Leirdalen og det er gitt eit løyve til bruk av snøskuter i område.

Gjenoppbygginga av jordhytta vil ha svært liten innverknad på landskapet. Slike jordhytter går nærast i eit med landskapet og er ikkje synlege føre ein står tett inn på. Slike jordhytter vil heller ikkje være ein teknisk installasjon som verkar nemneverdig forstyrrende på dyrelivet. I byggeperioden på ei veke om sommaren vil tiltaket medføre ei viss forstyrning av villreinen i område. Det same gjeld for motorferdsla når byggematerialar skal transporterast. Likevel vil desse forstyrningane være relativt avgrensa og gå føre seg over eit kort tidsrom. Basert på erfaringar med bruken av andre jordhytter i område, vil ikkje gjenoppbygginga bidra til auka ferdsel i området og hytta vil ikkje bli brukt til overnatting i særleg grad. Presedensverknadane blir vurdert til å være svært avgrensa. Om Leirdalshytta blir bygd opp att vil det berre være att ei jordhyttetuft i verneområda kor gjenoppbygging kan være aktuelt. Bygginga av



jordhytta vil medføre auka forstyrning i byggeperioden, men dette vil ikkje ha eit omfang som utgjør ei større tilleggsbelastning på økosystemet i området eller vil medføre nemneverdig forstyrning av villrein og anna dyreliv.

§12 omhandlar miljøforsvarleg teknikkar, driftsmetodar og lokalisering. Leirdalshytta blir vurdert til å være eit kulturhistorisk viktig bygg kor gjenoppbygging er riktig tiltak.

§11 legg til grunn at eventuelle kostnader ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar. Tiltakshavar er fullt og heilt ansvarleg for ei miljømessig god løysing.

Konklusjon

Gjenoppbygginga av jordhytta i Leirdalen vil berre i svært liten grad ha ein negativ innverknad på verneverdiane i Dyraheio landskapsvernområde, og vil ikkje være i strid med verneføremålet.

Kristian Steine
Nesflotvegen 21

4244 NESFLATEN

Dato: **30.06.2021**
Saksnr.: **2021/34157**
Dok.nr.: **4**
Saksbehandler:
Guro Skjelstad

Suldal kommune - gnr 187 bnr 1 - dispensasjon - søknad om restaurering av leirdalshytta - fråsegn

Vi viser til brev fra dykk om restaurering av Leirdalshytta, datert 20.05.21. Fylkesrådmannen har vurdert søknaden som sektormyndigheit innanfor kulturmiljøvern.

Leirdalshytta er ei jordhytte som antageleg er oppført tidleg på 1800-talet. Tufta etter hytta står på eigedommen Suldal statsallmenning, gbnr. 187/1 i Suldal kommune. Suldal fjellstyre søker no om løyve til å byggje hytta opp att, med utgangspunkt i tufta som ligg på staden, eit bilete frå 1927 og kjennskapen til lignande hytter i nærleiken.

Rogaland fylkeskommune, ved seksjon for kulturarv, er svært positiv til at Suldal fjellstyre ynskjer å restaurere Leirdalshytta. Hytta er eit lite kulturminne, men forteljar ein viktig historie om bruken av heia på 1800- og byrjinga av 1900-talet. Eit prosjekt som dette kan gi auka merksemd omkring denne typen kulturminner. For at prosjektet skal bli vellykka vil fylkesrådmannen understreka naudsynet av å benytte seg av håndverkare med røynsle frå lignande prosjekt som arbeidar etter antikvariske prinsipper.

Tufta er registrert i den nasjonale kulturminnedatabasen «Askeladden» med id 247444 og har uavklart vernestatus. Rogaland fylkeskommune gjorde arkeologiske registreringar i samband med eit liknande restaureringsprosjekt på ei jordhytte i Stranddalen i 2020. Det blei då forsøkt å få ut daterbart materiale frå tufta, men dette lot seg ikkje gjera.

Då jordhytta i Leidalen har kjent byggherre og byggeår, og det tidlegare har vist seg vanskeleg å få ut materiale til datering frå jordhyttene, kan seksjon for kulturarv ikkje prioritera å gjera feltarbeid i samband med restaureringa av Leirdalshytta. Me ber om at om det under arbeidet skulle framkomma gjenstander eller anna materiale som peker mot at plassen kan ha vore i bruk i forhistorisk tid, må Rogaland fylkeskommune bli varsla, jfr. Lov om kulturminner § 8, 2. ledd.

Hilsen

Leif Håvard Lundø Vikshåland
Leder (adm)

Guro Skjelstad
spesialrådgiver

Kopi til:
Suldal kommune

Dette dokumentet er godkjent elektronisk. Oppgi vårt saksnr. når du svarer på brevet.



**Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane**

Postadresse
Postboks 504
4804 ARENDAL

Besøksadresse
Setesdalsmuseet Rysstad,
Setesdalsvegen 3273, 4748 Rysstad

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47
fmavjth@statsforvalteren.no
www.svr.no

Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2019/917-0

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 13.12.2021

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	9/22	08.02.2022

Oppfølging av byggetiltak 6/14 Vatnedalsvatnet. Jo Breivegen. Bykle kommune.

Vedlegg:

- 1 Svar på varsel

Forvalters innstilling

Verneområdestyret godkjenner plassering av hytta ved Vatnedalsvatnet gnr. bnr. 6/14 Jo Breivegen, slik det er beskrevet i saka. Verneområdestyret legg vekt på at hytta ligg i eit område som alt er mykje påverka av store fysiske inngrep og at bjørkeskogen kring hytta minskar eksponeringa i landskapet.

Med heimel i naturmangfoldlova § 69 gir verneområdestyret tiltakshavar pålegg om å nytte naturstein eller støypte pålar til fundament på hytta slik det går fram av vedtaket i verneområdestyret 16.9.2020. Verneområdestyret godkjenner at dette kan løysast ved å støype inne eksisterande fundament i leca slik tiltakshavar beskriv. Frist for gjennomføring vert sett til 16.9.2023, dvs tilsvarande som for sjølve byggeløyet.

Verneområdestyret melder tiltakshavar til politiet for brot på bestemminga i verneforskrifta for *Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde* kap. 4 pkt. 5.1.a der det går fram at motorisert ferdsel på land er forbode. Det vert lagt vekt på at verneområdestyret i sitt vedtak av 16.9.2020 føresette at bruk av motorkøyretøy eller helikopter kravde særskilt søknad. Jamfør Miljødirektoratet sin rettleiar M – 617 er ulovleg motorisert ferdsel av dei tilhøva som normalt skal meldast.

I samband med transport av hytta frå veg til tomt er det flytta på ein del større stein for å kome fram med maskin. Etter verneområdestyret si vurdering er arbeidet av eit slikt omfang at det krev særskild søknad og løyve. Tiltakshavar vert oppmoda om å sende inn ein særskild søknad om dette. Saka kan handsamast som delegert sak av forvaltningssekretariatet.



Saksopplysninger

Verneområdestyret ga i møte 16.9.2020, sak 37/20 Jo Breivegen løyve til å føre opp eit driftshusvære ved Vatnedalsvatnet i Bykle kommune. Saka gjaldt flytting av driftshusværet ved Ormsavatn som Miljødirektoratet hadde gjeve avslag på. Storleiken på bygningen var oppgjeven til 20 m² BYA , i tillegg veranda/platting og utedo. Totalt 30 m² BYA. Byggeløyvet gjeld fram til 16.9.2023. Øvrige vilkår i byggeløyvet var:

- Driftshusværet skal plasserast innanfor tomta merka av på kart 2 i saka. Nøyaktig plassering skal godkjennast av forvaltningssekretariatet.
- Bygningen skal plasserast på fundament av naturstein eller støypte pålar med maksimal høgde 50 cm.
- All byggeverksemd skal utførast slik at det vert minst mogleg skade på terrenget. Planering av tomta er ikkje tillate.
- Taket skal tekkast med torv.
- Alt bygningsavfall skal samlast og leverast på godkjend mottak
- Løyvet gjeld fram til 16.9.2023. Forvaltningssekretariatet skal ha melding så snart byggearbeidet er avslutta.
- Det må søkast om tiltaket til Bykle kommune for løyve etter plan- og bygningsloven.
- For bruk av motorkøyretøy eller helikopter til frakt av driftshusværet til ny tomt må dette søkast om særskilt. Verneområdestyret føreset at frakt frå veg til tomt kan skje utan opparbeiding av tilkomst.


Byggetiltaket vart synfart saman med grunneigar og Bykle kommune 19.10.2021. Følgjande avvik frå byggeløyvet vart notert:

1. Hytta er plassert innanfor tomta (sirkel) gjeven i byggeløyvet, men nøyaktig plassering vart ikkje godkjend av forvaltningssekretariatet i forkant slik det gjekk fram av byggeløyvet.
2. Det er nytta lecablokkar til fundament. Vilkåra seier fundament av naturstein eller støypte pålar.
3. Hytta var frakta med gravemaskin og slede frå veg til tomt, om lag 100 meter. Det var nytta gravemaskin til å planere ut noko i terreng ved å flytte på ein del større stein. I byggeløyvet er det sett vilkår om at frakt av hytta frå veg til tomt skulle skje utan opparbeiding av tilkomst. Det vart ikkje søkt om bruk av motorkøyretøy til frakt av hytta slik det var vilkår om.

Kart og bilete frå tiltaka er teken inn nedanfor.



Markøren syner plassering av hytta. Vatnedalsvatnet i nord og aust, anleggsvegen i sør.



Bilete 1. Bilete av hytta og utedo teken mot vest.





Bilete 2. Inngrep i terrenget



Bilete 3. Inngrep i terrenget



Breivegen vart sendt varsel om retting etter § 69 i naturmangfoldlova i brev dagsett 22.11.2021. I brevet vart det også opplyst om at det er mogleg å søke godkjenning av gjennomførte tiltak, men at det då vil bli handsama som om tiltaka ikkje alt er gjennomført. Frist for uttale vart sett til 15.12.2021.



Ein uttale vart sendt inn av Breivegen i e-post 24.22.2021 (vedlegg 1). For plassering meiner Breivegen at ei slik godkjenning vart gjeven av forvaltar i ein telefonsamtale. Til fundament vart det nytta lecablokkar då det var for kaldt til å støype. Dette kan evt gjerast seinare eller lecablokkane kan kledast med støyp om det er ei OK løysing. Når det gjeld motorferdsla til transport av hytta fram til tomt beklagar Breivegen at dette ikkje vart søkt om. Årsaka var at det hasta med å få flytta hytta frå den gamle tomte ved Ormsavatn og at vilkåret om å søke vart gløymd. Breivegen skriv at han måtte flytte på nokre stein for å kome fram med hytta, men at desse vart lagt på plass att. Området er ikkje urørt frå før og der han rekna med at han hadde fått løyve om han hadde søkt sidan han var avhengig av dette for å få flytta hytta til ny tomt. Sjå vedlegg 1.

Heimelsgrunnlag

Moglegheita for å gi pålegg om retting er heimla i naturmangfoldloven § 69. Etter Miljødirektoratet sin rettleier M-617 bør det var ein låg terskelen for å pålegge retting. Tiltak som klart er i strid med lova, forskrift eller eit vedtak bør krevjast retta.

Etter § 73 naturmangfoldloven kan tiltakshavar det påleggast tvangsmulkt. Dette vert gjerne nytta for å sikre at pålegg om retting vert overhalde, og tar til å løpe om frist for retting ikkje vert halde. Før det vert fatta vedtak om tvangsmulkt skal tiltakshavar varslast.

Verneområdestyret har også moglegheit til å melde brot på verneforskrift og enkeltvedtak til politiet. Dette stenger ikkje for andre reaksjonar som krav om retting. I nemnde rettleier M-617 er det gjeven følgjande døme på tilhøve som normalt skal meldast:

- *Ulovlige fysiske inngrep av varig karakter, for eksempel veibygging, oppføring av bygninger eller andre anlegg*
- *Søker gjennomfører tiltaket selv om det er gitt avslag på søknaden.*
- *Tiltakshaver går klart ut over den tillatelse som er gitt*
- *Ulovlig motorferdsel.*
- *Ulovlig hogst*

Vurdering

Plassering av hytta

Hytta er plassert innafor område som vedtaket syner til, men utan ei nærmare godkjenning av forvaltningssekretariatet. At ei slik godkjenning skal ha vore blitt gjeven pr. telefon må bygge på ei misforståing.

Vilkåret om godkjenning av plasseringa vart sett for å sikre at hytta vart plassert slik at den stikk seg minst mogleg ut i landskapet eller vert ståande i silhuett. På det tidspunktet byggesaka vart handsama av verneområdestyret var ikkje plasseringa nøyaktig kartfesta. Det vart difor merkt av eit område som bygningen skulle ligge innanfor, og med vilkår om ei nærare avklaring med forvaltningssekretariatet.

Etter forvaltar si vurdering kunne hytta med fordel vore trekt noko lengre inn på høgdedraget for å få den mindre eksponert mot nord og vest. Samstundes dempar bjørkeskogen kring hytta ein del av eksponeringa. Når det er sagt så har ein sjølv sagt inga garanti for at bjørkeskogen ikkje vert hoggen. Hytta ligg i eit mykje påverka område med Vatnedalsvatnet mot nord og vegen langs Vatnedalsvatnet i sør. Plasseringa slik ho står bør difor kunne godkjennast.



Fundament på hytta

Krav om fundament i form av naturstein eller støypte pålar er meint for å gi hytta eit heilskapleg og solid uttrykk. At det i staden er nytta lecablokkar vurderast som eit mindre avvik frå byggeløyvet. Å støype inne fundamenta er etter forvaltar si vurdering ei grei løysing.

Inngrep i terreng i samband med frakt av hytta frå veg til tomt

For å få hytta fram til tomte er det gjort inngrep i terrenget på ein strekning på 80 – 90 meter og med 4-5 meters breidde. Sjå bilete 2 og 3. Tiltakshavar skriv at det berre er flytta på nokre stein for å kome fram og at desse sidan vart lagt attende.

For ei presis vurdering av omfanget av inngrepa måtte ein hatt bilete av situasjonen før og etter. Etter forvaltar si vurdering, og ut frå synfaring på staden, er terrenginngrepet likevel for lite til å definerast som «*opparbeida tilkomst*», slik det vart sett eit forbod om i vilkåra i byggeløyvet. Med opparbeida tilkomst legg forvaltar til grunn ei meir omfattande planering av terrenget enn det som er gjort i dette tilfelle. Tiltaket er likevel av såpass omfattande at det kjem inn under det tiltaka som i verneforskrifta kap. 4 pkt. 1.1 er lista opp som forbode (*uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, lausbryting og fjerning av stein og mineral*). Tiltaket krev difor søknad og ei særskilt handsaming etter naturmangfoldloven § 48. Etter denne paragrafen kan deg gjevast dispensasjon frå vernevedtaket om tiltaket ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Etter forvaltar si vurdering bør tiltaket kunne godkjennast etter ein særskild søknad. Det vert lagt vekt på at inngrepet er lokalisert nær opp til annan tyngre infrastruktur i form av anleggsveg og reguleringsmagasin. Vidare at det ligg i skogbeltet der det vill gro att på sikt. Forvaltar ser det også som ein fordel at hytta vart flytt heil slik at forstyrringa i området vart avgrensa til eit kort tidsrom. Frå seinare tid har vi nokre døme på mindre terrenginngrep som har vore godkjend etter søknad. I Hovden landskapsvernområde langs rv. 9 vart det godkjend gravearbeid i samband med legging av straumkabel i bakken. På Ljosland i Åseral og Knaben i Kvinesdal har det blitt godkjend flytting av ein del større stein i skiløype for å betre tilkomst med løypemaskin. Til møte i verneområdestyret 8.2.2022 er det også oppe ei sak som gjeld legging av røyr i bekk langs skiløype. Ingen av sakene er like, men det gir ein viss føring i høve til kor ein skal legge lista for gravetiltak i eit landskapsvernområde.

Ulovleg motorisert transport frå veg til tomt.

Etter verneforskrifta kap. 4 pkt. 5.1.bokstav a og c er bruk av motorkøyretøy forbode utan særskild løyve. Tiltakshavar nytta gravemaskin og slede til frakt av hytta fram til tomt. Det vart ikkje søkt om transporten slik det vart presisert i løyvet måtte gjerast.

Dei faktiske tilhøve synast klare. Tiltakshavar skriv rett ut at han i iveren med å få flytta hytta ut frå Ormsavatn gløynde vilkåret om å søke om transporten.

Etter Miljødirektoratet sin rettleiar M-617 er ulovleg motorisert ferdsel av dei tilhøva som normalt skal meldast. Melding til politiet er også fast reaksjonsform når Statens Naturoppsyn kjem over slikt, også for køyring på snøføre der spora forsvinn. Forvaltar vil ut i frå dette tilrå at brot på verneforskrifta kap. 4 pkt. 5.1 bokstav a, vert meld til politiet.

Konklusjon

Plassering av hytta slik ho står vert godkjend. Fundamenta på hytta skal støypast inne slik tiltakshavar beskriv, og innan fristen for byggeløyvet går ut 16.9.2023.



**Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane**

Inngrep i terrenget i samband med frakt av hytta frå veg til tomt må søkast om særskilt og handsamast etter naturmangfoldloven § 48

Bruk av gravemaskin til frakt av hytta frå veg til tomt vert meld til politiet.

Kopi:

Jo Breivegen

Statsforvalteren i Agder

Bykle kommune

Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Fra: Jo Breivegen[jo@hovdenhytteservice.no]
Sendt: 24.11.2021 14:51:50
Til: Haug, Jørn Trygve
Kopi: marianne@hovdenhytteservice.no
Tittel: SV: Varsel om retting og avbøtande tiltak

Hei

Punkt 1. Her spurte du meg om jeg hadde funnet plass innforbi sirkelen du hadde bestemt. Jeg svarte da ja det hadde jeg. Vi snakka da litt om hvor det var, jeg oppfatta dette som at vi da var enige om denne plasseringa.

Punkt 2. Dette er jeg klar over og er sånn sett en mangel, har heller ikke søkt om ferdigattest. Det var mer en 20 minusgrader når hytta blei flytta, så dette var den mulige løsningen så da må jeg støpe senere. Disse pilarene er ikke høge og skjemmende. Men disse kan jeg eventuelt kle med støp hvis det er en ok løsning.

Punkt 3. Jeg har ikke søkt om motorferdsel, dette kan jeg ikke annet en beklage. Jeg hadde tidsfrist til nyttår med og få fjerna hytta fra den gamle tomta. Jeg kom da fram til at denne måtte rett opp på ny tomt for at dette vilkåret var oppfylt. Jeg hadde fått 1000 kr dagen i dagmulkt hvis den ikke var vekke til 31.12.20, i denne iveren glemte jeg dette vilkåret. Dette er det ikke noe å gjøre med nå. Jeg måtte flytte på noen stein for og komme fram, men disse la jeg på plass i igjen. Området er heller ikke uberørt fra før. Jeg regner med at jeg hadde fått løyve hvis jeg hadde søkt, er jo nesten avhengig av det hvis jeg skulle få flyttet.

Med hilsen
Jo Breivegen
Tlf 91 55 19 37

Fra: Haug, Jørn Trygve <fmavjth@statsforvalteren.no>
Sendt: mandag 22. november 2021 14.35
Til: Jo Breivegen <jo@hovdenhytteservice.no>
Emne: Varsel om retting og avbøtande tiltak

Hei, viser til synfaring 19.10.2021. Sender deg eit formelt varsel om krav om retting og avbøtande tiltak. Eg tar sikte på å legge saka fram for verneområdestyret i neste møte 8. februar.

Venleg helsing

Jørn Trygve Haug
Verneområdeforvaltar
Tlf. 38 17 62 06/ 95 20 70 83
www.svr.no





Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Postadresse
Postboks 504
4804 ARENDAL

Besøksadresse
Setesdalsmuseet Rysstad,
Setesdalsvegen 3273, 4748 Rysstad

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47
fmavjth@statsforvalteren.no
www.svr.no

Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2021/9219-5

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 15.12.2021

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	10/22	08.02.2022

Søknad om legging av røyr i skiløype. Vurdering av krav om retting. Hovden Løypekjøring AS. Bykle kommune.

Vedlegg:

- 1 Søknad Hovden løypekjøring

Forvalters innstilling

Med heimel i naturmangfoldlova § 48 får Hovden Løypekjøring AS løyve til å legge ned røyr i bekk i skiløypa sør for Fjellbø hyttegrend i *Hovden landskapsvernområde*. Plassering går fram av kartet i saka. Diameter på røyrret er 80 cm, og med lengde 6 m.

Verneområdestyret legg vekt på at det gjeld eit mindre fysisk tiltak i ei løype som har vore preparert i mange år. Traseen har ein viktig funksjon i høve til kanalisering av ferdsel. Fleire midle vintrar i tida framover vil auke problemet med å krysse bekken og eit røyr her vil bøte på dette. Etter verneområdestyret si vurdering vil tiltaket ikkje stri mot verneføremålet og påverke verneverdiane nemneverdig.

Verneområdestyret vil for seinare saker presisere at saker som gjeld legging av røyr i bekk krev særskilt søknad og løyve. Å legge om løypa kan vera eit alternativ i slike saker. Skal det først leggst røyr må det sørgjast for tilstrekkeleg dimensjonering slik at ein unngår oppstuing og erosjon. For å dekke til røyrret må det hentast massar utanfor verneområdet. For å unngå skade på vegetasjon bør bruken av større maskinar avgrensast.

Saksopplysninger

Forvaltningssekretariatet fekk 28.10.2021 melding frå Statens Naturoppsyn om gravearbeid i Hovden landskapsvernområde mellom innkøyring til Galten og Fjellbø hyttegrend. Gravemaskin var då på veg ut i frå området. Maskinen hadde belta om lag 100 meter inn frå rv 9 og lagt ned eit røyr i bekken der skiløypa kryssar om vinteren. Diameter på røyrret er 80 cm og med lengde 6 meter. Det var grave til noko masse for å dekke over røyrret. I tillegg sletta ut noko i terrenget 10-15 meter vidare nordover frå bekken. Frå bekken og til Fjellbø er det om lag 1 km. Sjå bileta og kart nedanfor.

Bilete teken mot sør-vest.





Bilete teken mot nord



Køyrespor etter gravemaskin



Plassering av røyr merka radut. Skiløypa med blå line.



Hovden løypekøyring AS, som har ansvaret for løypekøyringa på Hovden, vart kontakta av forvaltar same dag. Selskapet stadfesta arbeidet som vart gjort i e-post dagsett 28.10.2021.

Forvaltar si vurdering var at tiltaket er forbode og gjennomført utan tillating. Varsel om retting og avbøtande tiltak etter naturmangfoldlova § 69 vart difor sendt Hovden Løypekøyring AS 4.11.2021. Det vart samstundes gjort merksam på at det er mogleg å søke godkjenning av gjennomførte tiltak. Søknad om dette vil då bli handsama som om tiltaka ikkje alt var gjennomført. Frist for uttale vart sett til 22.11.2021.

16.11.2021 søkte Hovden løypekøyring om å legge ned eit røyr slik det allereie var gjort. Grunngevinga er at bekken ved mildvær eller ved lite snø er ope slik at løypene er vanskeleg å få køyrd. Ved å legge røyr vert også risikoen mindre for at det vert skade på terreng når ein må skyve på snø for å kunne krysse med løypemaskin. I søknaden er det lagt vekt på at det er viktig å halde løype ope gjennom vinteren slik at ferdsla i størst mogleg grad vert kanalisert til løypenettet. Løypa vert mykje nytta gjennom sesongen.

Statens Naturoppsyn har meldt tiltaket til politiet.



Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Hovden landskapsvernområde av 5.9.1986.
- Forvaltningsplan for verneområda på Hovden frå 2018
- Naturmangfoldlova.

Hjemmelsgrunnlag

Hovden landskapsvernområde vart verna i 1986. Føremålet med vernet er å «*ta vare på eit vakkert naturlandskap som er eineståande i sitt slag i fylket. I verneområdet finn ein store, samanhengjande myrområde, som til saman inneheld eit vidt spekter av myrtypar, og ein finn særmerkte spor frå siste istid som t.d. terrassar, daudisgroper og morenar. Både myrene og lausavsetningane er av stort verd for undervisning og forskning.*»

Av verneforskrifta kap. 4 pkt. 1 er det lista opp tiltak som er forbode:

«*Alle inngrep som vesentleg endrar karakteren til landskapet er forbodne, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, opplag av båt, framføring av luftleidningar, jordkablar og kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering og annan form for tørtlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, ny utføring av kloakk eller andre konsentrerte forureiningstilførslar, attlegging av avfall og bruk av kjemiske middel. Opplistinga er ikkje fullstendig.*»

Etter forvaltar si vurdering må tiltaket definerast som faste innretningar samt uttak, oppfylling og planering av masse. Tiltaket er såleis forbode etter verneforskrifta kap. 4 pkt. 1. Søknad om dispensasjon må handsamast etter naturmangfoldlova § 48. Forvaltningsstyresmakta kan etter denne paragrafen gjere unntak frå vernevedtaket om det ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Når det gjeld motorferdsel er ikkje dette regulert i verneforskrifta. Slike saker krev berre løyve etter lov om motorferdsel i utmark.

Verneområdestyret kan etter § 69 i naturmangfoldloven pålegge tiltakshavar å rette tilhøve som er i strid med lova eller vedtak med heimel i lova. Slike pålegg skal først varslast etter forvaltningslova § 16.

Vurdering

Vurdering etter naturmangfoldlova

Etter § 7 i Naturmangfoldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggjast til grunn som retningsline ved utøving av offentleg myndigheit. Forvaltningsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

Kunnskapsgrunnlaget (§8)

Kunnskapen om naturmangfaldet i området er henta frå lokalkunnskap, Miljødirektoratet sin naturbase (www.naturbase.no), samt frå NINA sitt pågåande GPS-merkeprosjekt. Ein har og nytta kartlegging gjennomført av Norsk Villreinsenter (NVS-rapport 6/210). Kunnskap om kulturminne i området støtter seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase (www.kulturminnesok.no).



I Hovden landskapsvernområde varierer vegetasjonen frå rike bjørkeskogar og myrer til rabbar og heier ettersom høgda aukar. Langsmed bekkane er det rike næringstillhøve i jordsmonnet. Søterot er ei vanleg plante i dette området.

Dobbeltbekkasin er ved fleire høve observert i områda mellom Hovden og Breidvatn. Arten har status som nær truga i Norsk Raudliste.

Når det gjeld andre artar er det ikkje registrert informasjon om prioriterte artar, truga eller nær truga artar jfr. «Norsk rødliste» som vert råka av tiltaket. Det er heller ikkje registrert informasjon om utvalde naturtypar, truga eller nær truga naturtypar i aktuelle området.

Områda nord for Hovden aust for rv. 9 er viktige vinterbeiteområde for villrein. Nord for Hovden er det også viktige utvekslingsområde for villrein mellom Setesdal Austhei og Setesdal Ryfylke villreinområde. Det har vore mindre utveksling av villrein mellom områda dei seinare åra. Dette heng truleg saman med infrastruktur og ferdsel i områda. Truleg har også relativt låg stammestorleik på austheia spela inn

På Hovden er det mange kulturminne knytt til utvinning av jern. Dette datert til perioden frå vikingtid og fram til midten av mellomalderen. Det er registrerte mange kolgroper etter denne aktiviteten søraust for staden der røyret er lagt ned.

Ut frå omtalen ovanfor vurderer ein kunnskapsgrunnlaget å vera tilstrekkeleg til å fatte vedtak i saka. «Føre var prinsippet» i NML § 9 vert difor tillagt mindre vekt i dei vidare vurderingane.

Økosystemtilnærming og samla belastning (NML § 10)

Det er mange fysiske inngrep i området i form av vegar, fritidsbustader, straumline, og reguleringsdammar. Dei mange fritidsbustadane frå Hovden og nordover fører også med seg mykje ferdsel gjennom store delar av året. Vinterstid vert det preparert skiløyper eit stykke nordover på austsida av rv. 9 slik kartet ovanfor syner. Det samla belastninga frå infrastruktur og ferdsel vurderast som høg.

Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar og Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (NML §§ 11 – 12)

Med mildare vintrar vil det bli eit aukande problem med kryssing av skiløyper over bekkar. Dei landskapsmessige verknadane vurderast å vera mindre med eit røyr i bekk i staden for ei mogleg bruløysing. Omlegging av løypa synast ikkje å vera eit godt alternativ på aktuelle kryssingspunkt.

Søkar er ansvarleg for at tiltaket vert gjennomført på ein miljømessig god måte.

Vurdering etter naturmangfoldlova § 48

Forvaltningsstyresmakta kan etter denne paragrafen gjere unntak frå vernevedtaket om det ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Det overordna spørsmålet i saka er kva ein skal tillate av inngrep og fysiske konstruksjonar for å legge til rette for preparering av skiløyper i verneområda. Saka vil også skape presedens for kva som skal tillatast av tilrettelegging av skiløyper i seinare saker.

Aktuelle skiløype har vore køyrd i mange år og er del av godkjend kommuneplan. Løypene har ei viktig funksjon for styring og kanalisering av ferdsel, noko som er særleg viktig sidan ein på Hovden har mykje aktivitet tett på viktige vinterbeiteområde for villrein. Med forventa fleire mildversperiodar gjennom vinteren kan ein forvente at problem med kryssing av bekkar vil oppstå mange stader og hyppigare i tida framover.



Verneområdeforvaltninga har i nokre tidlegare saker tillate fysiske inngrep for å legge til rette for preparering av skiløyper i *Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde*. På Ljosland i Åseral vart det godkjend å flytte på nokre større steinar samt ei forsiktig utjamning av terrenget på ein kort strekning for at løypemaskin skulle kome betre fram og unngå at dei måtte preparere frå to kantar. På Knaben godkjende ein flytting på større stein samt etablering av bru. I turistløyper (barmark) har ein fleire stader tillate både nye bruer og legging av kloppar

I høve til desse døma er neppe legging av røyr i ein bekk i Hovden lvo av særleg større omfang. Ulikskapen er at ein i dette tilfellet er i eit verneområde der ivaretaking av myrområde er ein del av verneføremålet. Her bør det vera ein høgare terskel for å tillate tiltak som påverkar vegetasjon og torvlag. Med røyret som er lagt ned er det større fare for oppstuing og der vatnet tek nye vagar. Det var alt spor etter dette på nordsida av bekken.

Etter forvaltar si vurdering vil ikkje tiltaket isolert sett stri mot verneføremålet og påverke verneverdiane nemneverdig. Forvaltninga kan såleis gi løyve til tiltaket om ein elles finn det rett.

Forvaltar vil tilrå at det vert gjeven løyve slik det er søkt om. Det vert lagt vekt på at det gjeld ei løype som har vore preparert i mange år og at traseen har ein viktig funksjon i høve til kanalisering av ferdsl. Fleire milde vintrar i tida framover vil auke problemet med å krysse bekken og eit røyr her vil bøte på dette.

Forvaltar er vil presisere at eit løyve i saka ikkje vert å oppfatta som ei opning for å legge røyr i kvar ein bekk som vert kryssa av ei skiløype. Kvar sak vil krev ei særskilt søknad og handsaming. I seinare sakar må det vurderast alternativ med å heller legge om løypa. Skal det først leggest røyr må ein også sørgje for tilstrekkeleg dimensjonering slik at ein unngår oppstuing og problem med erosjon. For å dekke til røyret må det hentast massar utanfor verneområdet, ikkje dra det inn frå kantane slik det er gjort i denne saka. For å unngå skade på vegetasjon bør bruken av større maskinar avgrensast.

Vurdering av krav om retting etter § 69 i naturmangfoldlova

Forvaltar vil innstille på at tiltaket vert godkjend og at det difor ikkje er aktuelt å krevje retting.

Konklusjon

Tiltaket vert godkjend med heimel i naturmangfoldlova § 48.

Kopi:

Hovden løypekjøring AS
Bykle kommune
Statsforvaltaren i Agder
Villreinnemnda for Setesdalsområdet

HOVDEN LØYPEKJØRING AS

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og Frafjordheiane
V/ Jørn Trygve Haug, verneområdeforvalter

Hovden 16.11.2021

SØKNAD OM LØYVE TIL Å LEGGE NED RØR I BEKK HOVDEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE.

Hovden løypekjøring søker med dette om løyve å legge ned en 800 mm rør i bekk rette bortenfor krysset Lundane løypa/ Lislfjødd løypa, se vedlagt kart for plassering.

Bakgrunnen for rør i denne bekken er at ved mildvær eller på ettervinteren og ved lite snø blir denne bekken åpen og løypene blir vanskelig eller umulig å få kjørt.

Med et rør i bekken vil man også begrense risikoen for skader i terrenget når man noen ganger må skyve inn snø med tråkkemaskiner for å kunne kjøre over.

Dette er ei viktig løype å holde oppe mest mulig slik at det kanaliseres inn flest mulig i løypenettet i dette området. Det er i flott løype som blir brukt mye gjennom sesongen.

Håper med dette om positivt svar på vår søknad.

Ta gjerne kontakt om noe er uklart eller det trengs flere opplysninger.

Med venleg helsing


Torvald Gautland

Dagleg leiar

Hovden Løypekjøring as

Vedlegg: kart

HOVDEN LØYPEKJØRING AS





Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frøfjordheiane

Postadresse
Postboks 504
4804 ARENDAL

Besøksadresse
Setesdalsmuseet Rysstad,
Setesdalsvegen 3273, 4748 Rysstad

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47
fmavjth@statsforvalteren.no
www.svr.no

Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2017/9779-0

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 13.12.2021

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	11/22	08.02.2022

Søknad om godkjenning av byggetiltak. Vurdering av krav om retting gnr./bnr. 50/68 Bossbustøylane i Valle kommune

Vedlegg:

- 1 Informasjon til saka

Forvalters innstilling

Med heimel i verneforskrifta for *Setesdal Vesthei Ryfylkeheian landskapsvernområde* kap. 4 pkt. 1.3 bokstav c, gir verneområdestyret Inga Beth Bø Uppstad løyve til å auke total storleik på støylsbua ved Bossbulegå gnr./bnr. 50/68 frå 49,6 m² BYA til 55,95 m² BYA. Dette inneber ei auke på 6,35 m² BYA frå byggeløyvet som vart gjeven 15.11.2017.

Det er særst uheldig at tiltakshavar har gått utover dei rammene som vart gjeven for byggeløyvet attende i 2017. Slik vedtaket vart utforma skulle det ikkje vera grunn til å misoppfatte kva storleik som vart tillate. Verneområdestyret kan likevel godkjenne auka storleik slik det er søkt om i søknad dagsett 26.10.2021. Det vert lagt vekt på at det ikkje utvidar overnattingskapasitet og standard utover det som låg til grunn for det opphavelige byggeløyvet frå 2017. Auka storleik på støylsbua ved utviding mot vest vil gjere bygningen meir eksponert i landskapet. Den landskapsmessige verknaden vurderast likevel som liten då bygningane ligg med det høge Bossfjellet i bakkant og med materialbruk og farge som glir godt inn i omgjevnaden

Saksopplysninger

Inga Beth Bø Uppstad fekk i møte i verneområdestyret 15.11.2017 løyve til å byggje på eksisterande støylsbu ved Bossbustøylane. Det vart gjeven løyve til eit tilbygg på 20,3 m² BYA. Total storleik skulle etter dette vera maksimalt 49,6 m² BYA.



Tiltaket vart synfart av forvaltar 6.7.2021 saman med SNO og tilsett i Valle kommune. Total storleik på bygningen vart målt til 55,95 m² BYA, dvs 6,35 m² BYA større enn det som var tillate i byggeløyvet. Bilete frå synfaringa er teken inn nedanfor.

Tiltakshavar vart sendt notat frå synfaring dagsett 8.7.2021. I brev dagsett 5.11.2021 vart det sendt eit formelt varsel om retting etter naturmangfaldlova § 69. Her vart det også opplyst om at det er mogleg å søke godkjenning.

Tilsvar frå tiltakshavar, inkludert søknad om godkjenning av tiltaket, er dagsett 26.10.2021 (vedlegg 1). Her vert det synt til at det i teikningsgrunnlaget er sett eit bruksareal (BRA) på 49,4 m² og BYA (bebygd areal) på 53,55 m². Vidare vert det synt til føringar i regional plan (heiplanen) der det er opna for tilbygg ut til maksimal storleik 50 m² BRA. Tiltakshavar skriv difor at dei i god tru har halde seg til tillate BRA på 50 m², og at hytta slik ho nå er bygd vil ha eit BRA rett i underkant av dette. Det at hytta vart noko lengre er ikkje tilsikta og har heller ikkje gjeven noko gevinst i høve til funksjon og bruksgevinst. Tiltakshavar ber difor om at tilbygget vert godkjent slik det står.

Kart over området. Hytta merka med blått punkt.





Bilete teken mot nord-vest



Bilete teken mot nord-aust





Bilete teken mot vest. Det er i denne enden det er bygd på.



Bilete teken mot sør-aust





Bilete teken mot vest



Bilete teken før det vart bygd på



Forvaltar har i saksførebuinga vore i kontakt med Valle kommune for koordinering av vidare saksgang. Kommunen opplys at tiltakshavar må søke kommunen om godkjenning av tiltaket og at oppdaterte teikningar må sendast inn. Vidare at arealet som faktisk er bygd er innafør føresegnene i kommuneplanen (maksimalt 50 m² BRA). Ut i frå dette er det naturleg at SVR handsamar saka først.

Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.04.2000
- Naturmangfoldlova §§ 7 – 12, § 69 (*retting og avbøtande tiltak*).



- Forvaltningsloven
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane frå 2015.

Heimelsgrunnlag

Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000. Føremålet med vernet er etter kapittel III i Føreskrift om vern av Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Av verneforskrifta kap.4 pkt. 1.1 går det fram kva inngrep som ikkje er lov i verneområdet. Av dette mellom anna *oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar*. Etter kap. 4 pkt. 1.3.c kan forvaltningsstyresmakta tillate mindre tilbygg til eksisterande bygningar når det ikkje strir mot verneføremålet.

Støylshus og driftehytter er omtalt i forvaltningsplanen kap. 2.3.4. Om det ikkje strir mot verneføremålet og ikkje er eit trugsmål mot verneverdiane kan det tillatast utviding av bygningar opp til maksimalt storleik 50 m² BYA. Landbruksbygg kan tillatast større om særlege behov er dokumentert.

Etter § 69 i naturmangfoldloven kan verneområdestyret pålegge retting og stans i forhold som er i strid med loven eller vedtak med heimel i loven. Eit slikt pålegg skal varslast jamfør forvaltningsloven § 16. Om verneområdestyret ikkje godkjenner auka storleik på bygningen slikt det no er søkt om, er det aktuelt å krevje retting, dvs riving. Ved vurdering av om tiltaket skal godkjennast skal søknaden handsamast som om tiltaket ikkje alt var gjennomført.

Vurdering

Handsaming av søknad om å godkjenne tiltaket slik det er bygd.

Vurdering etter naturmangfoldlova §§ 8 – 12.

Vurdering av tiltaket etter naturmangfoldloven §§ 8 – 12 vart gjort ved handsaming av saka i møte 15.11.2017. Forvaltar legg dei same vurderingane til grunn ved auka storleik på 6,35 m² BYA, men med noko supplering knytt til vurdering av samla belastning ref. naturmangfoldlova § 10.

Det er til saman fire støylsbuer/driftehytter ved Bossbustøylane. Aktuelle støylsbu ligg lengst vest av desse og er den av bygningane som er mest eksponert i landskapet, særleg mot sør og vest. Sjå bileta nedanfor teken mot sør-vest og mot aust. På det nedste bilete ser ein Bossbu turisthytte i bakgrunnen. Bileta er teken før støylsbua vart bygd på (foto Ellen Svalheim. Frå rapporten Kulturlandskapet i Bossbulega, Sveling og Håheller i Valle vesthei. NIBIO rapport 56, 2015). Gjeven plasseringa vil ein større bygning gjere bygningen meir eksponert og synleg i landskapet. Den landskapsmessige verknaden vurderast likevel som liten då bygningane ligg med det høge Bossfjellet i bakkant og med materialbruk og farge som glir godt inn i omjevnenaden.



Støylsbua vert nytta av Jæren smalalag i samband med tilsyn og sanking av sau, i tillegg til eigars eigen bruk. Med tilbygget vert tal sengeplassar auka frå 2 til 8 og med noko meir lagringsplass. Slik tiltakshavar beskriv det i brev dagsett 26.10.2021 inneber ei auka i storleiken frå opphavelig godkjende inga auke i overnattingskapasiteten. Auka storleik og betre standar vil normalt auke bruken av støylsbua. I sak handsama 15.11.2017 vart samla belastning i området i høve til naturmangfoldloven § 10 vurdert som moderat gjennom året men høg i ein kortare periode i juli – august som følgje av monaleg ferdsel i området. Etter forvaltar si vurdering vil ikkje auka storleik, slik det no er søkt om, endre dette bilete.

Vurdering etter føringane i forvaltningsplanen kap. 2.3.4

Føreset at tiltaket ikkje strir mot verneføremålet og ikkje er eit trugsmål mot verneverdiane kan det tillatast utviding av bygningar opp til maksimalt storleik 50 m² BYA. Landbruksbygg kan



tillatast større om særlege behov er dokumentert. Etter forvaltar si vurdering er behovet godt dokumentert i saka, og då knytt til å betre fasilitetar for sauehald i området. Verneområdestyret har i eit fåtal saker gjeve dispensasjon til landbruksbygg utover 50 m² BYA.

Andre vurderingar

I opphavelag byggeløyve frå verneområdestyret kjem det klart fram at løyvet gjeld auke til totalt 49,6 m² BYA. Det er også synt til revidert søknad dagsett 7.11.2017 der det også er oppgjeven total sum på 49,6 m² BYA. Maksimal storleik på tilbygget er i byggeløyvet frå Valle kommune dagsett 30.4.2018 også her oppgjeven til 20,3 m² BYA, totalt 49,6. m² BYA.

Ut i frå dette skulle det ikkje vera nokon grunn til å misoppfatte kva storleik som vart tillate. Søkar syner til regional plan (heiplanen) der det er opna for maksimal storleik 50 m² BRA, noko søkar har halde seg innafor (49,5 m² BRA). Forvaltar ser at det kan vera uheldig at heiplanen og forvaltningsplanen opererer med ulik nemning på storleik (BYA og BRA). Det opphavelge byggeløyvet er likevel utforma så klart at det ikkje burde vare noko tvil om kva som vart tillate.

Konklusjon i høve til søknad om auka storleik frå 49,6 m² BYA til 55,95 m² BYA

Det vert gjeven løyve til auka storleik slik det vert søkt om. Forvaltar legg vekt på at det ikkje utvidar overnattingskapasitet og standard utover det som ligg til grunn for det opphavelge byggeløyvet frå 2017. Auka storleik på støylsbua ved utviding mot vest vil gjere bygningen meir eksponert i landskapet. Den landskapsmessige verknaden vurderast likevel som liten då bygningane ligg med det høge Bossfjellet i bakkant og med materialbruk og farge som glir godt inn i omgjevnaden.

Vurdering av krav om retting etter naturmangfoldloven § 69

Om det ikkje kan tillatast auka storleik bør tiltakshavar påleggast å rette opp tiltaket slik at det kjem innanfor dei tillatingar som er gjeven. I praksis inneber dette å rive delar av tilbygget. Det er viktig at det ikkje brer seg ein praksis med at det skal vera enklare å få tilgjeving enn tillating då dette vil uthole respekten for verneforskrift og vedtak med heimel i denne. Forvaltar har i konklusjonen ovanfor argumentert for at auka storleik kan tillatast. Det er difor ikkje aktuelt å krevje retting etter naturmangfoldloven § 69.

Konklusjon

Det er særst uheldig at tiltakshavar har gått utover rammene som vart gjeven for byggeløyvet attende i 2017. Slik vedtaket vart utforma skulle det ikkje vera grunn til å misoppfatte kva storleik som vart tillate.

Det kan gjevast løyve til auka storleik slik det no er søkt om. Forvaltar legg vekt på at det ikkje utvidar overnattingskapasitet og standard utover det som låg til grunn for det opphavelge byggeløyvet frå 2017. Forvaltningsplanens krav om dokumentasjon av særlege behov ved bygging over 50m² (BYA) er og oppfylt. Auka storleik på støylsbua ved utviding mot vest vil gjere bygningen meir eksponert i landskapet. Den landskapsmessige verknaden vurderast likevel som liten då bygningane ligg med det høge Bossfjellet i bakkant og med materialbruk og farge som glir godt inn i omgjevnaden.

Kopi

Inga Beth Bø Uppstad

Valle kommune

Statsforvalteren i Agder

Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Inga Beth Bø Uppstad
Brånåstoppen 10
2019 Skedsmokorset

Skedsmokorset 26.10.2021

Verneområdsstyret Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane
Postboks 504
4804 Arendal

Att: Jørn Trygve Haug

Ref: 2017/9779-0 432.2

Statsforvalteren i Agder

29 OKT. 2021

Viser til brev relatert til synfaring av Bossbustøylane: "Notat frå synfaring av byggetiltak 6.7.2021."

Ved synfaring kjem det fram at tilbygget som er oppført til hytta er vorte ca. 6 m² større enn byggeløyvet. Me har fylgjande kommentar til dette.

Bakgrunn for søknad om utvidelse av hytta inne på Bossbu.

Det vart søkt om utvidelse av hytta på vegne av Jæren gjeterlaget (smalalag) som gjennom en årrekke har bruka hytta i samband med tilsyn og innsanking av sauene i området. Etter sterkt ynske fra gjeterane om økt overnattings- og lagerkapasitet, søkte me 26.9.2017 om utviding av hytta i form av ekstra soverom for opptil 8 personer og med mulighet for lagring av proviant og annet driftsutstyr for tilsyn. Det ble dirfor teikna inn eit nytt soverom i forlengelsen av hytta med plass til to doble køyesenger i lengden (4,1 meter langt rom innvendig), og ei lagringsbod.

Rammebetingelser / Søknadsprosess

Byggesøknaden var basert på målsatte teikningar.

Tegningsunderlaget visar at prosjektert BRA er ca. 49,4 m² og BYA er ca. 53,55 m².

I byggeløyvet frå kommen er det gjeve tilsagn til å bygge BYA 49,6 m².

På bakgrunn av disse teikningane og byggeløyve vart Rysstad Laftebygg engasjera, som har lang erfaring og ført opp flere bygg inne i verneområdet, til å føre opp hytta iht. disse tegningene.

Basert på sine erfaringer med renovering og oppføring av hytter viser Rysstad til

Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei: 2012

I kap 2.10.1. Retningslinjer for Nasjonalt villreinområde

Spesielle retningslinjer for nasjonalt villreinområde Landbruks-utmarksnæringer:

- definert som støling, beitebruk, opplevelsesnæring, jakt og fiske, videresalg av jakt – og fiskeprodukt og foredling av fisk. Her gis følgende retningslinjer:

- *Eksisterende støler og tufter skal kunne restaureres og bygges ut til et maksimalt areal på 50m² BRA med tradisjonell utforming*

Det er derfor i god tru teke utgangspunkt i denne reguleringen og ført opp hytta slik at den ikkje skal gå ut over 50m² BRA (ut fra mål tatt på deres befaring vil BRA ligge på ca. 49,5m²).

Oppfølging

Da hytta ligger 2 mil inn i heia, kort byggetid (ca. 2,5 uker) og at me ikkje bur i Valle, rakk me ikkje gjennomføre nokon form for fysisk kontroll på staden under oppføringa. Me fekk derimot oversendt bilder av prosessen med oppføringa, og kunne ut frå dette, vurdere at bygget vart bygd iht. teikningane og føringar gjeve til storleik og materialbruk. Me såg heller ingen grunn til å betvile at hytta ikkje vart oppført som angjeve i byggeløyvet.

Me har difor vore i god tru om at både søkeprosessen, teikningar og utførelse er gjort fagmessig og innenfor gjevne rammer.

Oppsummering

Det at hytta er vorte noko lengre, er derfor ikke tilsikta og har heller ikkje gjeve noko auka funksjons eller bruksgevinst. Dette er beklagelig, overraskende og ikkje tilsiktet.

Om mogeleg, ber me difor om mulighet for å søkje om å få hytta godkjent som den er oppført, då hytta, slik den nå fremstår, ivaretar konsesjonen gitt av "Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei: 2012" om at hytter ikkje skal være over 50m² BRA.

mvh



Inga Beth Bø Upstad



**Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane**

Postadresse
Postboks 504
4804 ARENDAL

Besøksadresse
Kommunehuset, 4440 Tonstad

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47 38 17 62 03
fmavgso@statsforvalteren.no
www.svr.no

Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2021/9842-0

Saksbehandler: Guro Sødergren

Dato: 01.02.2022

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	12/22	08.02.2022

Pålegg om retting og varsel om tvangsmulkt angående ulovlig oppsatt badestamp ved hytte i Grytdalen (gnr/bnr 2/38) , Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane landskapsvernområde.

Vedlegg

Svar på varsel om retting, Knut Roar Wiig 21.12.21

Forvalters innstilling

Med hjemmel i naturmangfoldloven (nml) § 69 pålegger verneområdestyre for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane landskapsvernområde tiltakshaver Knut Roar Wiig retting av tiltak som er gjennomført uten tillatelse og som er i strid med verneforskriften. Pålegg om retting omfatter fjerning av badestamp ved hytte gnr/bnr 2/38 i Grytdalen i Sirdal kommune.

Badestampen skal rives og transporteres ut av verneområdet. Bygningsavfall skal leveres på godkjent mottak. Ved bruk av motorisert transport for fjerning må det søkes spesielt om dette.

Verneområdestyret ønsker ikke å åpne opp for badestamper eller andre mindre byggetiltak enn det som allerede er fastsatt i retningslinjene for Grytdalen hytteområde. Jf. retningslinjene er det allerede et stort handlingsrom for byggetiltak sammenlignet med andre private hytter i verneområdet. Mange små tiltak i hyttefeltet vil utgjøre en trussel for landskapets art og karakter.

Det blir også lagt vekt på at en aksept av denne type tiltak vil kunne medføre uheldig presedens for lignende saker.

Det er viktig for vernemyndighetene å skape respekt for regelverket i verneområder og synliggjøre at man ikke skal ha fordeler av å ta seg ulovlig til rette.



Frist for gjennomføring settes til 30 juni.2022. Forvaltningsmyndigheten skal varsles når badestampen er fjernet. Når det ved etterkontroll konkluderes med at pålegget er fulgt opp anses saken som avsluttet.

Varsel om bruk av tvangsmulkt og mulig tvangsgjennomføring

Forvaltningen har anledning til å benytte tvangsmulkt for å sikre etterlevelse av pålegg om retting, jfr. naturmangfoldloven § 73. Det gjøres også oppmerksom på at dersom vedtak om retting som ikke etterkommes av den ansvarlige, så kan fjerning gjennomføres fysisk av forvaltningen, jfr. naturmangfoldloven § 71. Utgifter til slik retting kan kreves dekket av den ansvarlige.

Verneområdestyre varsler herved om at det vil bli vurdert å bruke tvangsmulkt etter naturmangfoldloven § 73 dersom badestampen ikke blir fjernet innen den fristen som er fastsatt ovenfor. Størrelsen på tvangsmulkten blir satt til 1000,- pr dag fra og med 1. juli 2022.

Samtidig varsles det også om at det kan bli aktuelt med tvangsgjennomføring dersom pålegg ikke følges.

Saksopplysninger

Det ulovlige forholdet ble først oppdaget av Statens naturoppsyn i forbindelse med oppsyn i 2019, forvalter i SVR fikk da tips om dette. Forvalter og Statens naturoppsyn hadde i oktober 2021 en befaring i hytteområdet i Grytdalen. Bakgrunn for befaring, var blant annet, å følge opp tips om ulovlig oppsatt badestamp. Forvalter og SNO befarte store deler av hyttefeltet samme dag.

Etter det forvalter kjenner til er det mellom 2-5 hytter i Grytdalen som har satt opp badestamp eller lignende.



Badestampen er ifølge hytteeier 1,9 m i diameter og står plassert 0.5 meter fra hytteveggen.

Verneområdestyret skal i denne saken ta stilling til om det skal gis pålegg om riving av byggetiltak som er gjennomført uten søknad ved ei fritidshytte i Grytdalen i Sirdal kommune. Byggetiltaket gjelder en badestamp som er oppført rett utenfor hytta som ble godkjent av verneområdestyret i 2016. Det har aldri vært søkt om badestamp.

I tråd med forvaltningsloven §16 ble hytteeier varslet datert 22.11.21 om at verneområdestyret vil vurdere å kreve retting etter §69 i naturmangfoldloven. Hytteeier fikk uttalefrist til 20.12.21, det ble samtidig gjort oppmerksom på at det var mulig å søke om å gå godkjent tiltaket i ettertid.

Forvaltningssekretariatet mottok svar fra hytteeier, datert den 21.12.21. Hytteeier mener at tiltaket som er gjort ikke er søknadspiktig og at badestampen dermed ikke er ulovlig satt opp. Han har derfor ikke søkt om godkjenning av tiltaket i etterkant. Uttalen ligger vedlagt saken.



Vurdering

Det er søknadspliktig å bygge en badestamp innenfor verneområde i Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane. Søknadsplikten blir rammet av forbudet i verneforskriften kap. IV pkt. 1.1. «*Oppføring av bygninger, anlegg og faste innretninger,*» .

Dette er en generell vurdering av alle badestamper i SVR og ikke bare badestamper i Grytdalen. Forvalter legger vekt på at en aksept av slike tiltak vil kunne medføre uheldig presedens for liknende saker. Sammenlignet med andre private hytter i verneområde er allerede hytteeiere i Grytdalen i en særstilling mht egne retningslinjer som gjelder kun for hyttefeltet.

Forvalter kan viser til andre saker som verneområdestyret har pålagt retting av blant annet badestamp; Finndalen i Åseral (2020) og Storhedder i Bykle (2019). Gjeldene sak er noe ulik da badestampen i Grytdalen er i et hyttefelt. Forvalter legger likevel den samme praksis til grunn da det er ønskelig å avgrense byggeaktiviteten i hyttefeltet til det som er strengt nødvendig for at hyttene skal være funksjonelle og innenfor gjeldende retningslinjer for hyttefeltet.

Sistnevnte ble påklagd og sendt til Miljødirektoratet for klagebehandling. Miljødirektoratet slår i sin klageavgjørelse fast at badestamper kommer innunder søknadsplikten i verneforskriften for Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane landskapsvernområde.

Når en tiltakshaver blir varsel om at det er gjort tiltak som er ulovlig, og ikke retter opp frivillig, er det standard forvaltningspraksis at det blir gitt pålegg om retting. En streng praksis for retting er viktig for å ivareta verneverdiene i området og er i tråd med prinsippet i naturmangfoldloven § 11.

Konklusjon

Det er utført tiltak som er søknadspliktig og i strid med verneforskriften. Aksept av slike tiltak vil kunne medføre uheldig presedens for liknende saker. Det er viktig for vernemyndighetene å skape respekt for regelverket i verneområder og synliggjøre at man ikke skal ha fordeler av å ta seg ulovlig til rette. Badestampen skal derfor rives og fjernes.

Vedlegg 1.

Svar på varsel om retting, Knut Roar Wiig 21.12.21

Det vises til deres brev mottatt 22 november der vi oppfordres til å søke om dispensasjon til å få oppført badestamp.

Vi oppfatter at bakgrunnen for brevet er et vedtak etter Forvaltningslovens § 2b der SVR har vedtatt at stampen vi har er ulovlig. Av prinsipielle grunner ønsker vi å påklage dette vedtaket fremfor å søke om å få godkjent vedtaket nå, da vi er uenig i at badestampen er ulovlig oppført.

Bakgrunn for saken:



Vi oppførte hytten vår i Grydalen i 2015/2016. Grydalen er som kjent et hytteområde der bebyggelsen, stier, parkering av biler og båter starter noen meter fra yttergrensen av Verneområdet og hytteområdet er delt i to av Lyseveien. Faktisk utgjør det lille geografiske området i Grydalen ca 33% av alle bygninger i Verneområdet.

I 2016 oppdaget vi at en annen hytte i Grydalen hadde en fin liten vedfyrt badestamp et lite stykke fra hytten. Vi undersøkte retningslinjene for bygging i Grydalen og disse inneholdt forbud mot både flaggstenger, vindmøller, solceller på tak osv., men det var ingen bestemmelser knyttet til badestamp. Vi søkte opp gnr/bnr på den aktuelle hytta for å se om det var sendt inn søknad, eller om Vernestyret hadde reagert på badestampen uten at vi kunne finne noe informasjon om dette, selv om hytta var oppført etter at Verneområdet ble etablert.

Vi undersøkte videre etter eventuelle bestemmelsene for badestamp i Sirdal kommune samt generelle regler for om badestamp er søknadspliktig etter plan og bygningsloven. Vi kom frem til at en liten vedfyrt badestamp uten innlagt vann ikke var søknadspliktig etter plan og bygningsloven, og heller ikke forbudt etter noen generelle regler i Sirdal kommune, og gikk så til anskaffelse av en liten vedfyrt ferdig bygget badestamp på 1,9 m i diameter. Denne ble fraktet opp til hytta og plassert på toppen av terrenget 0,5 meter fra hyttevegg i forbindelse med ferdigstillelse av hytta.

I begynnelsen av januar 2019 ble vi kontaktet av SNO som informerte oss om at de hadde vært på eiendommen vår og mente vår badestamp og anlagte sti opp til hytta krevde dispensasjon. Vi tok kontakt med SVR på mail den 16.01.19 og søkte om dispensasjon for sti iht retningslinjene for bygging i Grydalen samt søkte veiledning for hvordan vi skulle håndtere badestampen. Da vi ikke fikk svar rundt badestampen sendte vi en purring på saken 15.05.19 og mottok svar 04.07.19 at «SVR skal se på saken» videre mottok vi svar den 15.07.19 at saken var sendt til jurist hos fylkesmannen. Den 02.09.20 mottok vi svar fra SVR om at «saken var lagt på is» Nesten 2 år etter at SVR var blitt gjort kjent med saken mottar vi varsel om retting. Vår vurdering av saken:

I denne 2 års perioden der vi har ventet på svar har også Vernestyret godkjent en revisjon av retningslinjene for bygging i Grydalen. I denne revisjonen ble ikke badestamp inkludert verken i utredningen før vedtaket eller i de nye retningslinjene. Det påligger forvalter i Verneområder å gripe inn i ulovlige forhold etter Naturmangfoldsloven når de blir gjort kjent med disse. I denne saken har Forvalter valgt å vente 2 år fra tilsyn med å vedta at forholdet er å anse som ulovlig. Forvalter har også erkjent å være klar over badestamp satt opp lenge før 2019 uten tidligere vedtak om ulovlig tiltak eller varsel om retting. Saksbehandlingen fremstår derfor som høyst vilkårlig.

Ettersom varsel om retting ikke ble sendt rett i etterkant av når Forvalter ble gjort kjent med saken, ikke rett i etterkant av prosess med å oppdaterte retningslinjer og heller ikke rett i etterkant av jurist hos Fylkesmannen sin vurdering, kan vi ikke annet enn å anta at badestamp var å anse som lovlig på tidspunktet når SVR ble gjort kjent med stampen. Vi mener Forvalter, nå i etterkant, ikke har hjemmel til å fatte vedtak om at badestamp er ulovlig da det ila de siste to årene har blitt en stilltiende aksept etablert gjennom fullstendig passivitet i saken samt lik sak i samme området. Vi krever dermed at vedtak oppheves.

ST 13/22 Eventuelt